

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.12.2022

Vår ref.: 202102364-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om uttak av vatn frå Keipevatnet til reservevassforsyning, Kinn kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå Kinn kommune, datert 20.10.2022, om løyve til å ta ut vatn frå Keipevatnet til reservevassforsyning. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Firdaposten. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Frode Ellingsund på tlf. 99 25 46 99 eller e-post: frode.ellingsund@kinn.kommune.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202102364 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **26.1.2023**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

Kinn kommune ønskjer å nytte Keipevatnet til reservevassskjelde for Florø vassverk. Det er søkt om eit maksimalt vassuttak på 150 l/s. Det er også søkt om å regulere Keipevatnet mellom kote 432 og kote 434. Det er planlagt felles løysingar med Klauva kraftverk når det gjeld trasé for vassveg og anleggsveg. NVE skal behandle vassuttaket, regulering og vassveg som ikkje har felles trasé med Klauva kraftverk.



Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Norges Miljøvernforbund
Mattilsynet
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
KINN KOMMUNE
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Ole Per Schei
KINN KOMMUNE - Frode Ellingsund